



Kunnskapsdepartementet  
postboks 8119  
0032 OSLO

10.07.2008



Vår ref  
JBY 08/593 - 3

Dykkar ref

Arkiv  
, A20

Løpenummer  
08/2797

## **Lovfesta ordning med gratis frukt og grønt i skulen Høyringsfråsegn frå Jølster kommune**

Jølster kommune viser til brev av 10.06.08, der Kunnskapsdepartementet sende ut høyringsnotat om forslag til endringar i forskrift til opplæringslova m.m., om frukt og grønnsaker. Departementet ber om høyringsfråsegner innan 31.07.08. Forskrifta skal gjerast gjeldande frå skuleåret 2008 / 2009 startar, dvs. 15.08.08. Innleiingsvis vil Jølster kommune peike på at dette er ein urimeleg kort høyringsfrist, spesielt med tanke på at heile høyringsprosessen fell midt i ferieavviklinga. Dei fleste politiske organ i kommunane har "møteferie" i tida 15. juni – 15. august.

I høyringsnotatet skriv departementet at "kostnadsberegningene som er gjort, skal dekke innkjøp av frukt og grønnsaker, samt administrative kostnader". Departementet skriv at "i kostnadsberegningene for 2008 er det tatt hensyn til at det skal være administrative kostnader knyttet til ordningen". Midlane er lagt inn i rammetilskotet for kommunane. I 2008 er i underkant av 210 mill. kroner lagt inn i rammetilskotet.

Departementet legg til grunn at skuleeigarane / skulane sjølv skal ha ansvaret for å utforme ordninga, slik at "den harmonerer med lokale forhold og behov". "Kvaliteten forutsettes ivaretatt lokalt". Det er ikkje heimel for å forskriftsfeste krav til kvaliteten. Departementet "vil i stedet bidra til å sikre god kvalitet ved å følge opp lov og forskrift med en veileder". Departementet presiserer at det skal tilbydast frukt og grønnsaker, "dog slik at elevene ikke skal tilbys begge deler hver dag".

I møte i Jølster formannskap, 25.06.08, la rådmannen fram eit notat om saka. Formannskapet slutta seg til at Jølster kommune sender ei fråsegn, og formannskapet gav rådmannen fullmakt til å utforme fråsegna med grunnlag i det framlagde notatet og drøftingane i formannskapet. Denne fråsegna frå Jølster kommune byggjer såleis på nemnde notat og grundig drøfting i Jølster formannskap.

Jølster kommune si fråsegn tek utgangspunkt i at lovendringa er vedteken, og at det dermed er lovfesta ei ordning som staten hevdar er finansiert gjennom rammetilskotet for kommunane. Lovendringa seier ikkje at ordninga skal gjelde kvar dag, men framlegget til forskrift legg opp til ei dagleg ordning.

Det er ikkje klårt kor stor overføringa til kvar kommune vil vere. Dersom overføringa vert høvesvis fordelt etter folketal, kan Jølster sin del gjennom rammetilskotet stipulerast til å vere kr. 140.000. Skulane i Jølster har rekna ut at årlege kostnader vil vere minst kr. 260.000 (for begge skulane i kommunen). Verdien av administrativ arbeidstid som går med til ordninga er stipulert til minst kr. 50.000 for begge skulane. Samla kostnader for Jølster kommune vil dermed vere minst kr. 310.000.


Med andre ord: Staten pålegg kommunane ei nyordning som vil koste godt og vel dobbelt så mykje som staten overfører til ordninga. Det er vanskeleg for kommunane å ta ei statleg ordning seriøst når det er så stort sprik mellom statleg pålagde oppgåver og statleg finansiering. Eit alternativ kan vere at forskrifta vert utforma slik at "gratis frukt og grønnsaker skal primært utdelast dagleg, så langt som den utrekna delen av rammetilskotet til kommunen dekkjer reelle kostnader til innkjøp og administrasjon av ordninga".

Ordninga vert i denne omgang avgrensa til å gjelde alle elevar på ungdomsskulesteget og kombinerte skular (1. – 10. årstrinn). Ettersom det manglar informasjon om korleis overføringa til kommunane vil verte utrekna, er det uklårt for oss om elevtalet vil verte lagt til grunn og om korleis fordelinga mellom elevar i barneskule og ungdomsskule eventuelt vil slå ut. Dersom elevtalet vert lagt til grunn, er det for dei kombinerte skulane (som skal gi frukt og grønnsaker til alle elevane) avgjerande viktig at samla elevtal vert brukt, og ikkje berre elevtalet i ungdomsskulen.

Departementet skriv at det er skuleeigarane / skulane sjølve som skal ha ansvaret for å utforme ordninga, og å ivareta kvaliteten. Samstundes vil departementet bidra til å sikre god kvalitet gjennom ein "veileder". Dersom kommunane skal ha ansvar for å utforme denne ordninga, må ein kunne leggje til grunn at dei greier dette utan å få tilsendt ein statleg utarbeidd "veileder". Det er grunn til å spørje kva ein slik "veileder" kan innehalde som kommunane og skulane sjølve ikkje sjølve kan finne ut av, og som ikkje vert oppfatta som sentral detaljstyring. Det er grunn til å spørje om det er rett ressursbruk i departementet å utarbeide "veileder" for eit område som kommunane / skulane likevel skal (og bør) ha ansvaret for å utforme lokalt.

Jølster kommune meiner at det er eit stort misforhold mellom reelle kostnader, inkl. administrasjonstid / -kostnader og den overføringa som kommunane får frå staten. Slik kommunen tolkar lovendringa, er det ikkje intensjonen at kommunane sjølve skal få ekstra kostnader p.g.a. ordninga. Dersom ordninga gir auka kostnader for kommunane, vil det i mange tilfelle føre til reduserte budsjettmidlar til innhaldet i undervisninga og / eller innkjøp av læremiddel i skulane. Jølster kommune vil understreke at innføringa av denne ordninga må vere 100 % fullfinansiert med statlege midlar. Dersom denne ordninga fører til ei svekking av det faglege innhaldet i skulane, vil det vere eit uheldig resultat som også går ut over dei kvalitetskrava som grunnskulen skal byggje på.

Med helsing



Jostein By  
Rådmann  
57726104

Intern kopi: GDv, MFN